

Referat frå styremøte i Herand Bygdelag 10.12.2019

Til stades: Gunnar Dalseth, Marta Samland, Angunn Handegard Trå, Sigmund Eiken, Ole G. Vassel, Thorleif Gjernes, Kenneth Vikane, Liv Bente Steiro og Kaia Gulbrandsen

Referent: Kaia

Sak 2019/72: Godkjenning av innkalling og dagsorden; godkjent.

Sak 2019/73: Godkjenning av referat frå styremøte 12.11.19; godkjent

Sak 2019/74: Tilstellingar:

- Evaluering bygdaquiz. Få lag stilte. En tid på året med fleire konkurrerande arrangement på same dag/helg. Ved seinare spørsmål om å vere med arrangør på quiz, må me gjere ein vurdering.
- Status romjulsbasar. Styret møter kl. 13.00, basarstart kl. 15.00. Bakeliste og ansvarsfordeling ok. Loddsal er i gong i bygda og på butikken. Gevinstar kan leverast på butikken.
- Planlegging koordineringsmøte i januar. Bygdelaget inviterer alle lag og interesserte i Herand til det faste koordineringsmøte på kulturhuset tysdag 21.01.20 kl. 19.00. Invitasjon vert sendt alle lag og bedrifter i bygda.
- Deltaking på festen i Danselaget 27. desember – Marta er ansvarleg for bidrag frå Bygdelaget.

Sak 2019/75: Eigedomar:

- Rutine for regelmessig sjekk av el-installasjon i kulturhuset. Sigmund har laga skjema og kontrollrunde er gått for 2019. Dette meldast Hardanger Energi, avvik lukka.
- Vi har tinga ymse nytt utstyr for kulturhuset; moppemaskin, 10 bord på 1.20m med tralle, stolhjul, div. kjøkkenutstyr. Styret av ventar hjul til stillas.

Sak 2019/76: Økonomi/søknader/fristar etc.:

- Status søknad til Obos. Ligg til handsaming.
- Liv og Lyst: Me fekk dessverre ikkje tilslag på søknad om 3-årsprosjekt. Kva bør me ta fatt på av utviklingstiltak, med støtte frå andre lag/aktørar? Området rundt kulturhuset. Båthamna/badeplass/parkering. Me set dette opp som sak på koordineringsmøtet 21.01.20.
- Me har fått kr 20.628,- i mva-kompensasjon

Sak 2019/77: Ymist:

Sak 2019/78: Eventuelt/andre saker:

- Nyinnflyttarar, Gunnar besøker 5 nyinnflytta familiar med ei gåve frå Bygdelaget.
- Leiar i bygdelaget, Gunnar Dalseth, har hatt besøk frå Jondal Frivilligsentral i høve «Frivillighetsdagen». Dei hadde med konfekt og heldt tale. Gunnar las opp talen og me åt opp konfekten. Dette var og omtala i Hordaland Folkeblad 10.12.19.

Neste styremøte tysdag 14.01.20 kl. 19.00 på Herand kulturhus